

Del 3 Investeringar - oversikt over prosjekt

Oversikt prosjekt 2022

Dei største prosjekta vert nærare kommentert nedom tabellen.

Prosjekt nr	Prosjekt	Vedtatt utgiftsramme	Reknesk.ført tidlegare år	Årets budsjett	Reknesk.ført i år	Sum rekne-skapsført	Gjenstår av utgiftsramme	Kommentar
1301	OMSTILLING GJENNOM BRUK AV IKT, DIGITALISERING OG NY TEKNOLOGI			2 000 000	364 765		1 635 235	Budsjettramme pr år 1)
1304	EIGENKAPITALINNSKOT KLP			1 500 000	1 216 679		283 321	Budsjettramme pr år 1)
2302	IKT-UTSTYR SKULAR			480 000	375 540		104 460	Budsjettramme pr år 1)
2324	NY BARNESKULE PÅ VALDERØY			0	-2 750 000		2 750 000	
2336	Giske Ungdomsskule Oppgradering skulekjøkken			1 600 000	0		1 600 000	
3101	FORMIDLINGSLÅN			0	-2 288 132		2 288 132	Budsjettramme pr år 1)
5122	Kjøp/sal tomter			0	-1 282 850		1 282 850	
5123	SAL GISKE KVILEHEIM - BURMAVEGEN 13			0	-1 411 023		1 411 023	
5130	NÆRMILJØTILTAK	2 780 000	858 449	2 000 000	94 690	953 139	1 826 861	
5168	Vigra Skule tilbygg/påbygg			1 000 000	134 300		865 700	
5304	Tankbil brannvesen/vassforsyning	2 735 000	2 365 678	275 000	4 083	2 369 761	365 239	
5410	FELLES TEKNISK UTSTYR			120 000	146 072		-26 072	Budsjettramme pr år 1)
5605	SKULEVEGEN GISKE	38 470 753	41 138 979	0	165 059	41 304 038	-2 833 285	
5702	YTTERLAND NÆRINGSOMR.			0	1 459 333		-1 459 333	
5756	Utvikling av Gjøvsund hamne- og næringsområde.			3 500 000	1 446 962		2 053 038	
5857	MUDRING GJØSUNDET	86 500 000	51 736 551	86 500 000	91 284 015	143 020 566	-56 520 566	
5858	Opparbeiding av næringsområde Gjøvsund			3 500 000	6 137 326		-2 637 326	
6201	MINDRE VEGANLEGG			400 000	93 968		306 032	Budsjettramme pr år 1)
6202	GATELYS			160 000	160 000		0	Budsjettramme pr år 1)
6204	TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK			160 000	0		160 000	Budsjettramme pr år 1)
6212	Transportmidlar og maskiner til uteseksjonen			1 200 000	512 110		687 890	Budsjettramme pr år 1)
6213	Utstyr og lisensar til prosjektleiarane			100 000	0		100 000	Budsjettramme pr år 1)
6221	Asfaltering kommunale vegar			1 200 000	1 199 406		594	
6250	Modernisering av leidningsanlegg/lekasjered/Hovudplan			1 200 000	1 296 786		-96 786	
6252	Overføringsledning Godøy - Giske	9 092 077	7 283 220	1 500 000	610 198	7 893 418	1 198 659	
6253	Vassledning Giske - Staurneset	3 197 511	336 128	3 000 000	2 256 669	2 592 797	604 714	
6256	Bytte av generator			240 000	0		240 000	
6257	Naudstraumsagregat på henger			720 000	0		720 000	
6309	Overvatn Rokkevegen			2 600 000	540 650		2 059 350	
6372	Nytt hovudnett på Molnes	5 000 000	1 835 128	3 200 000	3 262 373	5 097 501	-97 501	
6373	Leidningsnett og pumpestasjonar			13 000 000	0		13 000 000	
6380	Tilbygg Alnes renseanlegg			120 000	0		120 000	

6381	MINDRE LEIDNINGSANLEGG			1 100 000	751 962		348 038	Budsjettramme pr år 1)
6383	FORNYING LEIDNINGSANLEGG			10 000 000	6 917 377		3 082 623	Budsjettramme pr år 1)
6386	HOVUDPLAN VATN/AVLØP	1 700 000	1 528 332	0	422 875	1 951 207	-251 207	
6388	Ny pumpestasjon Molnes med forskyvingsledning			1 500 000	0		1 500 000	
6390	Renseanlegg Roald			1 800 000	51 558		1 748 442	
7101	Giske Kyrkje - forprosjekt murverk			200 000	200 000		0	
7300	VALDERØY KYRKJEGARD	7 600 000	6 800 000	800 000	800 000	7 600 000	0	
8701	BRUK AV LÅN			-145 175 000	-112 672 749		-32 502 251	Låneopptak pr år
8801	INT. FINANSTRANS.			-1 500 000	-1 500 000		0	Pr år

1) Budsjettramme pr år: årsbudsjett er ei konkretisering av ei løyving, dette er prosjekt som vert avslutta årleg og skal dei fortsette må det setjast av nye løyvingar.

Kommentar til investeringsprosjekt 2022

1301 Omstilling gjennom bruk av ikt, digitalisering og ny teknologi

Framhald av omstillingsarbeid, startlisens for nye ikt-program mm.

1304 Eigenkapitalinnskot KLP

Eigenkapitalinnskot KLP (pensjonsfond).

2302 Ikt-utstyr skular

Digitalisering og ikt-omstilling på skule.

2324 Ny barneskule på Valderøy

Mottatt spelemidlar frå fylkeskommunen til gymsal.

3101 Formidlingslån

Vidareformidling av startlån frå Husbanken til vanskelegstilte. Prosjektet er sjølvfinansierende ved at innbetalingar og utbetalingar er like store.

5122 Kjøp/sal tomter

Sal av diverse tomter, Roald Småbåtforeining og molo Giskegerde.

5123 Sal av Giske kvileheim – Burmavegen 13

Sal av Giske kvileheim.

5130 Nærmiljøtiltak

Innleigd landskapsarkitekt v/Nordplan. Prosjekt blir vidareført.

5168 Vigra skule tilbygg/påbygg

Det er gjennomført moglegheitsstudie som syner investeringsbehov. Til handsaming i formannskap og kommunestyre vår 2023 for å avklare vidare framdrift. Forventa start investering frå 2024.

5304 Tankbil brannvesen/vassforsyning

Tankbil til brann vart levert i slutten av 2021, forsinka pga. korona. Restbetaling i 2022.

5605 Skulevegen Giske

Utbetalingar for grunnkjøp etter kva som har blitt fastsett i skjønnsak for tingretten, innkjøp av trafikkskilt og vegnamnskilt med utstyr og utredning av setningsskader ved ein eigedom.

5702 Ytterland næringsområde

Dette gjeld tap av uteståande krav til Ytterland Port AS. Gjeld opprinneleg anleggsbidrag til ny industriveg.

5756 Utvikling av Gjøvsund hamne- og næringsområdet

Kjøpte tenester for hjelp til utvikling av området og utarbeide plan forankra med næringslivet. Bruk av interne ressurser er ført i driftsrekneskapet.

5857 Mudring Gjøvsundet

Utgifter i samband med forskotteringsavtalen med Samferdselsdepartementet for å gjennomføre mudring av Gjøvsundet nasjonale fiskerihamn. Dette er lønnskostnader til prosjekt- og byggeleiar samt kjøp av diverse tenester i samband med gjennomføring av prosjektet.

5858 Opparbeiding næringsområde Gjøvsund

Opparbeiding og klargjering av Gjøvsund næringsområdet. Utlegging av sprengstein og arrondering. Arbeid utført på området og planlegging.

6212 Transportmidlar og maskiner til uteseksjonen

Kjøpt diverse maskiner og utstyr.

6221 Asfaltering av kommunale vegar

Asfaltering av eksisterande kommunale vegar, deler av Øvstevegen (ca. 400 lengdemeter) og deler av Vikevegen (ca. 290 lengdemeter).

6250 Modernisering av leidningsanlegg/lekkasjereduksjon/plan

Etablert målekummer til flyplass, Roald og Synes nord og sør. Rydda opp i leidningar for å få kontroll på forbruk og lekkasjar på Vigra.

6252 Overføringsleidning Godøy - Giske

Gjeld vassleidning i sjø mellom Giske og Godøya. Skifta i 2021 og diverse små arbeider gjensto til ferdigstilling i 2022.

6253 Vassleidning Giske Staurneset

Skifting av gamal 40 mm vassleidning for å etablere brannvatn mot Staurneset og sikre vassforsyning til området. Forventa ferdigstilt i 2022.

6309 Overvatn Rokkevegen

Utskifting av siste rest med overvass rør til sjø og opprydding spillvatn. Det vart noko mindre arbeid enn først antatt. Ferdigstilt i 2022.

6372 Nytt hovudnett på Molnes

Prosjekt for etablering av rundkøyring på vassnettet mot Molnes-Roald. Ny vassleidning frå Mjølner til krysset Fjellfoten med nokre stikk for å koble saman på Roald/Molnes. Ferdigstilt våren 2022.

6381 Mindre leidningsanlegg

Bygging av mindre nye leidningsanlegg som er påkravd for å løyse utfordringar på vass- og avløpsnettet der vi ikkje har leidningar frå før.

6383 Fornyng leidningsanlegg

Løpande skifting av gamle/oppbrukte rørsystem på vass- og avløpsanlegg. Vert utført kvart år for den summen som blir satt av til slikt arbeid.

6386 Hovudplan vatn/avløp

Ny hovudplan for vatn og avløp vart forsinka pga. korona utfordringar med leverandør. Forventa ferdigstilling og sendt til politisk godkjenning i 2023.

7101 Giske kyrkje – forprosjekt murverk

Kommunal eigendel til forprosjekt undersøking av mur på Giske kyrkje. Resten er dekket av tilskot frå Riksantikvaren.

7300 Valderøy kyrkjegard

Fullføring av parkdel til utviding av Valderøy kyrkjegard.